



Lasse André Dale
Melandsvegen 331
5919 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7634 - 22/81167

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 316/2 og 5 Meland

Administrativt vedtak: Saknr: 1184/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 2 år fram til 01.12.2024 for Gbnr 316/2 og 316/5, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 2 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Det er eit vilkår at det vert tatt jordprøvar før neste vekstsesong. Jordanalyse skal gje svar på om det kan gjevast ytterlegare forlenging av fritaket.

Saka gjeld:

Føretaket **Lasse André Dale** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 316/2 og gbnr 316/5 .

Drifta er 8 vinterfora sauer, 3 ungdyr over 6 mnd og 6 ammekyr. Husdyrgjødsel vert spreidd som gylle 2 ganger i året på innmarksbeite og dyrka mark.

Føretaket eig 5 daa overflatedyrka mark , 13 daa innmarksbeite og 42 daa fulldyrka mark. Søkjeren leiger også 4 daa overflatedyrka mark , 4 daa innmarksbeite og 9 daa fulldyrka mark.

Føretaket brukar 600 kg kunstgjødsel type 22-2-12 på dyrka mark.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på jordbruksareal					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
600	22-2-12	60	Fulldyrka mark og overflatedyrka mark	10	2,2	0,2	1,2

38000 m3	Ammekyr møk og ungdyr møk	77	Fulldyrka mark og overflatedyrka og på beite	493	0,75	0,4	1,75
-------------	------------------------------	----	--	-----	------	-----	------

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar og har stort areal i høve til dyretalet.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 2 år.

Me vil setja **vilkår** om at det vert tatt jordprøver for å sjå korleis næringsinnhaldet i jorda er. Landbruksavdelinga har jordprøvebor og esker som kan lånast. Det vil verta gitt opplæring i prøvetaking. Jordprøvar må takast før gjødsling om våren. Det er fordi at bruket ligger i nedslagsfelt til Mjåtveit vassdraget. Resultatet av jordprøvane vil gje svar på om me kan forlenga fritaket.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7634 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Mottakarar:

Lasse André Dale

Melandsvegen 331

5919

Frøkhaug